

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 10. januar 2020 11:49
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 2/2020, 10. JANUAR

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 2/2020, 10. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

INGEN VOLDA-STUDENTAR I AUSTRALIA

Det er pr i dag ingen studentar frå Høgskulen i Volda på utveksling i Australia no. Universiteta i Australia startar undervisninga i februar og i vårsemesteret er det sju HVO-studentar som skal til Australia. Informasjon og reiseråd i høve situasjonen i Australia finn ein på [Utanriksdepartementet sine nettsider med reiseinformasjon om Australia](#).

INVESTERINGAR 2020: HØGSKULEN SET AV 11,7 MILLIONAR KRONER AV LØYVINGA I 2020 TIL INVESTERINGAR

Det kom inn søknader om investeringsmidlar på om lag det dobbelte av årets ramme, og prioritering av desse vart gjort i felles møte mellom avdelingar og fellesadministrasjon. Ein del av tiltaka det er søkt om midlar til har derfor ikkje vorte prioritert i 2020. For å få på plass investeringar vi meiner er viktig å prioritere i 2020, vert det i tillegg henta midlar frå avsetningane. Framover ser vi eit aukande behov for midlar til investeringar i lokale og utstyr, og dette må i hovudsak finansierast av ordinær løyving.

Av større einskildtiltak planlagt i 2020 utover ordinære vedlikehaldsinvesteringar knytt til lokale og IT kan vi nemne:

- Ombygging av det store auditoriet i Hans Strøm-huset (budsjett 6,5 mill. kr; av dette finansierer KD 3,0 mill. kr)
- Nytt inngangskontrollsystem (kortlåsar) (budsjett 3,0 mill. kr)
- Oppussing undervisningsrom C-paviljongen (budsjett 1,5 mill. kr)
- Oppussing undervisningskjøkkenet på Kaarstad (1,0 mill. kr)

INVESTERINGAR 2020 (2): NÆRARE 40 EINSKILDILTAK

Blant nærare 40 einskildtiltak på investeringsbudsjettet for 2020 kan nokre nemnast: C-paviljongen skal no pussast opp for ca 1,5 millionar kroner. Det vil bli kjøpt inn nye PC-ar til tilsette for ca kr 800.000, og dette blir stort sett berbare PC-ar. Stolane i BK Vesle auditorium skal få nytt trekk. Det skal kjøpast inn tre tørkeskap for tilsette som syklar til jobben og har behov for å tørke treningskleda. Kantina skal få nye kassaapparat, og det skal leggst til rette for ein meir sosial møteplass rundt peisen i kantina og dette var eit ønskje frå studentane. På Yksnøya vil det bli nye oppgraderingar av landgangen. Undervisningskjøkkenet på Kaarstad skal fornyast og det skal kome møblar i gangen på Nedretun. Avdeling for mediefag får medieteknisk utstyr for ca kr 0,6 mill.

NY RAPPORT: SAMANLIKNING AV STUDIESTADENE VOLDA, BØ OG SOGNDAL

Terje Bjelle ved Høgskule på Vestlandet publiserte like før jul ein rapport der han samanlikna dei tre studiestadene Volda, Bø og Sogndal blant anna når det gjeld utvikling i tal studentar, samarbeid med og i regionen og tenkjer også litt om framtida til dei tre stadene.

[Les omtale av rapporten og last ned rapporten på nettsidene til HVL.](#)

[Les også omtale av rapporten og intervju med Bjelle m.fl. i Khrono.](#)

NYTT STUDENTOMBOD: KJERSTI BREVIK MØLLER

Høgskulen i Volda har avtale med Høgskulen på Vestlandet om å dele på studentombod. Kjersti Brevik Møller er frå 1.1.2020 nytt studentombod for Volda og Vestlandet.

[Les meir på våre nettsider.](#)

MATEMATIKKSPEL - PÅ NYNORSK - SPELT INN I VOLDA

Selskapet Eduplaytion utviklar eit matematikkspel som heiter Numetry. No har dei inngått eit samarbeid med Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda for å gje spelet eit unikt særpreg.

[Les meir på våre nettsider.](#)

UTSELT PÅ "NØTTEKNEKKAREN"

Balletten "Nøtteknekkaren" i Operahuset Nordfjord går for fulle hus, 25. og 26. januar. Framsyninga er eit samarbeid mellom Ballettskulen i Ørsta og Volda og Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda.

[Nøtteknekkaren på Operahuset Nordfjord sine nettsider](#)
[Nettsida til Symfoniorkesteret.](#)

PUBLISERING: FRIST FOR REGISTRERING I CRISTIN ER 15. JANUAR

Seinast 15. januar 2020 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2019 i databasen Cristin. [Lenke til Cristin-pålogging.](#)

TING Plass i Framtidslaben på NMK - i Outlook

Høgskulen har tilgang på to arbeidsplassar i Framtidslaben i Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) som ein del av samarbeidsavtalen, og desse skal brukast av HVO-tilsette som skal arbeide inn mot Framtidslaben. Arbeidsplassane er i eit kontorlandskap i lag med andre samarbeidspartar i Framtidslaben. HVO-tilsette kan tinge arbeidsplass(ar) i Outlook under namnet "Framtidslab NMK". Bjørn Gunnar Tafjord og Ole Frank Bakken vil ha kontordagar i framtidslaben og held også orden på tingingane. Husk at du må registrere deg som besøkjande i laben når du kjem til resepsjonen på NMK.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)
[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

30.1.2020: [Fagdag geriatri.](#)

12.2.2020: [Internasjonal dag.](#)

27.2.2020: HMS-dag.

5.3.2020: Styremøte 1/2020

9.-10.3.2020: Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"

24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF

20.-22.4.2020: [It's Volda.](#)

23.4.2020: Styremøte 2/2020

28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk

11.6.2020: Styremøte 3/2020

18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)

18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-video](#)